



Eigartrioen imponerte også som festarrangørar

Butikken gjør seg bemerket på en svært positiv måte i nærmiljøet gjennom mange gode nærmiljøtiltak og har alle nærbutikkens positive egenskaper.

Juryen sa dette i si grunngjeving for at SPAR i Uskedalen vart Årets butikk og det vart i høgste grad understreka i ein 3 timer lang tettpakka kundefest i ettermiddag, Eit nytt slagord tok form: SPAR er best, også på fest. Ein framifrå dyktig programleiar, Thor Inge Døssland, understreka at butikken

er lokomotivet i bygda og siterte nyskrive vers frå Olaf Agnar Gausvik:

*Heilt frå Marto på San'en og man'en
dreiv krambu har folk hatt den vanen
at mangle dei eitt eller ant va'da greitt
å gå å få kjøpt da på San'en*

*Og opp gjennom skiftande tide'
va' vilkåro temmelig stride
men stadig og støtt vart vi likevel møtt
av folk so var nett like blide*

*For Hjørdis og Harald va 'vene'
me' adle og vene 'fortene'
at da går dei godt men dei hadde og fått
dei likaste handelsmannsgene'*

*So kom ungdommen inn og tok øve
Vi har sett dei har kjempa som løve.
Kvar einaste dag har dei jobba på lag
for at folk ska' få da dei behøve'*

*So i dag kan vi feira tre jente'
Gunn Mari, syster Kjersti og Bente,
so vant fyrste pris på meisterleg vis
og fremdeles har mykje i vente*



[Ungt fotballag gjorde ein innsats](#)

Truleg overvar bortimot 500 festen. I alle fall vart det servert 200 porsjonar med betasuppe av dei 3 nevnte hovedpersonane. Serveringsavdelingen var supplert med totningen Svein Erik Sørensen frå Bama som lokka med nye matingrediensar og hadde god respons sjølv om han ikkje kjem frå rette sida av Mjøsa.



[Dansarane frå Herøysund vert flinkare for kvar opptreden i Uskedalen](#)

Men musikk sida var høgdepunktet, personifisert av Renate Haugs Madsgård, som er omtala på annan plass. Dei 10 unge dansarane frå Herøysund, berre mellom 8 og 12 år gamle og leia av 15-åringen Katrine Stensletten Hagan, var enda flinkare enn sist dei dansa hos oss.



Tuleg var det bortimot 500 på kundefesten

Konkurranseløst var prega av stor kreativitet og her nevner vi berre nokre vinnarar i fleng:

- *Eitpar ski var premien til Torstein Erdal som vann Kvikk-lunsj-tevlinga og mellom anna visste at den berømte sjokoladen kom i 1937.
- *Teiknetevlinga MATBUTIKK gav premier på 1000 kroner til skulen både i Bringedalsbygda og Uskedalen * Raymond Støle vann ei tevling om kaffebønner
- * Ann Tove Viken vann ein quiz med snop som premie *
- Eldbjørg Myklebust og Olivia Chlebowicz vann ei trøyetevling.

Uskedal Utvikling var sjølvstøtt på plass med blomstehelsing og leiar Kristian Olav Bringedal held fram at nærbutikk er eit av dei viktigaste tiltaka i ei bygd med tanke på busetjing i framtida.

SPAR tenkjer og på framtidas kunder - dei hadde engasjert fotballaget for 10- og 11-åringar som fekk nye, grønne trøyer og kvitterte med å jobba. I motsetnad til deltakarane i tevlinga om å få på seg iskalde trøyer hadde dei ingen praktiske problem.



Totningen Svein Erik Sørensen lokka med spennande matingrediensar

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Theobald var eit populært tilbod og her er det Ruth Maria Myklebust som rir på han.